

KONTAKTBLAD FOR  
Nr.22 Nov. 1996 7.årg.

# HJARTDAL HISTORIELAG

Liste over trykt  
lokalhistorisk  
litteratur

Vil nokon lage kart  
med alle kjende  
husmannsplassar i  
bygda ?

Referat frå  
årsmøtet

Kan ei stulsbu  
ved Prestevegen  
takast vare på ?

**Med Th. S.  
Haukenes til  
Sauland og  
Hjartdal  
hausten  
1889:**

*...jeg syntes at se en  
hovedskalle med et vildt  
grin gabe mig imøde  
under pianofortet; jeg  
syntes at det lignede på  
et menneskehoved; men  
det kunde det da vel  
ikke være...*

*Les side 3!*

*God jul og godt nyttår til alle medlemmer !*

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 14.3.1996 PÅ SAULAND MENIGHETSHUS

Ca 15 personar møtte. Møteleiar var formannen Torkel Hytta. Det blei servert kaffe og kaker. Innkalling var sendt alle medlemmene i form av kontaktblad nr. 21.

12/1996      ÅRSMELDING

Godkjent etter at den blei referert og kommentert av formann og sekretær

13/1996      REGNSKAP

Godkjent etter at det blei referert og kommentert av sekretæren, da kasseraren ikkje kunne møte. Helge Granlund skal spørjast om å revidere regnskapet.

14/1996      VALG

Resultatet var i tråd med valgkomiteens innstilling:

Formann: Torkel Hytta (Gjenvalgt)

Elles i styret (Styret blir konstituert på første styremøte):

Ivar T. Dahl (På valg neste år),

Leif Skoje (På valg neste år),

Helga Asland, (Ny),

Astrid Nirisrud Våle (Gjenvalgt frå varamannsplass),

Tora Nordbø (På valg neste år)

Vara: Anne Haugen Wagn (Ny)

Vara: Anne Tone Larsen

Vara: Astrid Espelid

Valgkomite:

Ola H. Særsland

Finn Birger Andersen

15/1996      EVENTUELT

a: Frøydis Hagene Skoje orienterte om framdrifta i saka om Heddal Mølle.

b: Gunnar Sveinsson kåserte og las egne dikt

c: Kontingenten blei sett til 50 kroner året som før.

Torkel Hytta (Formann)

Leif Skoje (Sekretær)

*Thrond Sjørnsen Haukenæs (1840-1922) Var fødd i Granvin i Hardanger. Frå 1884 gav han ut ei mengd med reiseskildringar og andre bøker om natur, folkeliv og ikkje minst lokalhistorie og folkeminne. Han gav ut bøkene på eige forlag og reiste sjølv rundt og selde dei.*

*Bøkene var ein del av den store bølga av interesse for Norge og det nasjonale på 1800-talet. I boka "Telemarken. Reiseskildringer fra Norges natur og folkeliv" som dette utdraget er henta frå, ligg heile tida ei stolt nasjonal-kjensle under. Mellom anna*

*innleier han skildringa av Telemark med ei lang utgreiing om Telemarks historie. Her presenterer han ei innvikla blanding av segnstoff og historie, mellom anna fører han kongerekka i Telemark attende til året 146 e.Kr. da kong Rauen fekk landet av far sin, Nor. Det kunne vore interessant å vite kva kjelder han hadde til dette.*

*I august 1889 la han ut på ei lang sjøreise heimanfrå Granvin, ut Hardangerfjorden og rundt sørlandskysten. Han kom inn Skiensfjorden og tok Dampbåten Hiterdal frå Langesund til Skien. Derifrå tok han Victoria opp kanalen til Notodden. Vidare tok han landevegen fatt til Tinnoset og dampbåten "Rjukan" til Mæl. I Tinn besøkte han mellom andre spelemannen Knut Dahle.*

*Etter at rundreisa i Tinn er over, fortel han sjølv:*

*(Fortset neste side)*

# **Med Th. S. Haukenes til Sauland og Hjartdal hausten 1889**

Den 6te september reiste jeg fra Tinn med dampbåden "Gausta" til Tinnoset. Herfra tog jeg landeveien over til Sauland. Det var mod aften at jeg ankom til den vakre og smilende Saulandsbygd, netop som aftensolen dalede bag de smukke, men ikke ret høie fjelde. Solen stod blodrød på himmelen og kastede sine stråler i alle regnbuens farver over fjeld og dal, et syn der gjorde et dybt poetisk indtrk på mig.

Om aftenen fik jeg logis hos Ole og hans kone Thone Øigården, og jeg befandt mig meget vel hos disse gamle, snille og nationale folk. Ole havde samme dag hugget næsten af yderste led af tommelfingeren; men han var så koldblodig, at han ikke brydde sig om at forbinde såret.

Kjære læser, du skulde have seet den seng, jeg lå i på Øigården, hvor staselig og national den var. De gamle norske kongers sengesteder var antagelig ikke mere pragtfuldt udstyrede end denne var. Sengestedet optog hele den ene langvæg af nystuen. I forbindelse med sengen var et stort skab med en mengde skuffer og skab. Fra gulvet op til sengen var der en 3 a 4 trappetrin. Sengen og skabet

var bemalet med en mængde roser og andre blomster, samt flere rim, bibelsprog og tankesprog. Det hele var over 100 år gammelt. Sengklæderne var ikke mindre interessante og nationale end sengestedet. Det var hjemmevævede tæpper med mange farver, og til overdække var der skindfelder med trykte roser af forskjellige farver.

Men uagtet soveværelse og seng var af det bedste slag, så havde jeg dog ingen god og behagelig søvn; for jeg drømte så skrekkelig vondt denne nat. Jeg drømte nemlig, at de gamle teler kom herind om natten i fuld rustning, bevæbnede med økser, spyd og sverd, og vilde gjøre anfald på mig. I det samme en af telerne huggede øksen i mig, skreg jeg så høit, at jeg vagnede, og ingen kunde være gladere end jeg over, at det kun var en drøm. Mad og opvarning var af det bedste slags, som øigårdsfolket kunde opdrive, og at en forfatter tog ind hos dem, syntes dem et ærefuldt og enestående tilfælde.

Den 7de september reiste jeg omkring i Sauland og besøgte endel oplyste og fremragende mænd, hvoraf Sauland har mange.

Hos lærer Svenung Bergen fik jeg se en gammel, udskåren

seng, hvorpå stod det nogen komiske spørgsmål: "Hvad var Salomons brudeseng gjort af?" Her fik jeg tillige se en stor, gammel kiste, af antikvarisk værd. Mange penge havde man budt ham for den, uden at han vilde sælge den.

Jeg besøgte også lensmand Kleppen, hvor jeg fik en hjertelig og gjestfri modtagelse. Både lensmanden og konen er nationale folk, spiller på fiolin og gør de begge to, både godt og vakkert. Men hvor forundret og nysgjerrig blev jeg ikke, da jeg syntes at se en hovedskalle med et vildt grin gabe mig imøde under pianofortet; jeg syntes at det lignede på et menneskehoved; men det kunde det da vel ikke være. "Jo ganske rigtig", sagde lensmandskonen; så tog hun det frem og viste mig det. Det var hovedet af et avgudsbillede, som var fundet i en myr oppe i Tuddal, og som lensmandsfolket var blevet foræret. Det var af tre og dannet som et menneskehoved med mund, øine og næse.

Søndagen den 8de september boede jeg hos Ole K. Skårnes og hans elskværdige familie. Jeg pleier altid at være rolig søndagene, når ikke tid og omstændigheder tvinger mig til

at reise.

Her på Skårnes var smukt og romantisk, så opholdet her ikke faldt mig langt eller kjedeligt. Jeg opsøgte en meget god udsigt, hvor jeg opholdt mig næsten hele den dag drømmende i naturens skjød.

9de september reiste jeg opover gennem Hjertdals sogn, hvor jeg tog ind på nogle gårde. Jeg besøgte blandt andre den oplyste bonde, Kittil H. Tveten. Han havde en frugthave, hvor der på træerne hang en mængde modne frugter. Han kløv op i et træ og fyldte mine lommer med store og velsmagende æbler. Hjertdals hovedsogn er ikke så smukt og smilende som Sauland, men har en mere storslagen natur. Her blev mig forevist biskop Knut Gislesens fødegård, Løxlid, hvor han den 29de december 1801 blev født af forældrene, klokker Gisle Knutsen og Maria Pedersdatter Løxlid. Som bekjendt var biskop Gislesen en ualmindelig begavet, oplyst, dygtig og anseet m a n d , d e r f r a omgangsskolelærer i sin hjembygd svang sig op til seminarlærer og adjunkt og videre til prest og biskop over Tromsø stift. Dette er bevis for, at der også hos bondestanden i

Telemarken er nedlagt store åndsevner.

Natten mellom den 9de og 10de september hadde jeg logis hos en rig bonde, Kristian Anebjørnsdal, hvis nystue og loft var rigt forsynet med over 100 år gamle nationale møbler, både af det ene og det andet slags samt en hel del gammelt sølv; blandt andet merkede jeg mig indskriften på en sølvpokal: "Flittighed fører til velstand", et

meget sandt ord; det modsatte, dovenskab, fører jo til armod. Samme sølvpokal var oprindelig en præmie, som blev overrakt en gammel kone i Hjertdal for industriarbeider.

Den 10de september tog jeg veien opover gjennom Svartdal, et noget trist og mørkt, men dog interessant dalføre, som har et passende navn.

Fra Svartdal tog jeg over til Flatdal, annex til Seljord...

## Haustens historiearrangement:

Sauland Bondekvinnelag bad HHL vere med å arrangere ein hyggekveld i oktober, der historien skulle stå i sentrum. Denne blei gjennomført 15.10. på Sauland menighetshus, med bra oppmøte.

Hovudinnhaldet på kvelden var etter ønske frå Bondekvinnelaget, tidlegare busetnad og husmannsplassar. Etter mønster frå Bø kommune er det interesse for at det blir laga eit kart der alle husmannsplassane i bygda blir nøye teikna inn, slik at lokaliseringa ikkje blir gløymt nå som mange av dei siste restane blir borte.

Etter ei orientering av Leif Skoje om korleis eit slikt arbeid kunne leggest opp (sjå annan stad i bladet), tok Ivar Dahl over og gjennomførte kveldens hovudinnslag som var eit stort lysbildeprogram frå Tuddal med vekt på busettingshistoria og husmannsminne.

Bondekvinnelaget under leiing av Gerda Brekka serverte kaffe og kaker. Og ein liten presentasjon av lokalhistorisk litteratur med bokutstilling var på programmet.

Når det gjeld kartarbeidet, blei det ikkje gjort meir konkret ut av det på møtet, men interessa for saka viste seg å vere bra, så vi ser fram til vidare arbeid frå bondekvinnelaget si side. Historielaget vil gjerne hjelpe til med eit slikt prosjekt.


# BEVARING AV STULSBU VED PRESTEVEGEN

av Trygve Nes

De fleste i Hjartdal har vel gjort seg kjent med Prestevegen i de 5 åra som har gått siden den ble merket som turistveg. Den går som kjent fra Hjartdal til Tuddal gjennom fjellområder som hører til Sauland. Godt og vel halvveis fra Hjartdal langs Prestevegen, ligger Sveinungshovden som i eldre tider var stule til hele Mosebøgrenda og der stulsbuene sto på rekke og rad. Nå står imidlertid bare ei bu igjen og den er på god vei tilbake til naturen. I

noen år har den vært uten tak, noe som selvfølgelig har medført skader. Stulsbua er tømret i to rom, ei mjølkebu bakerst til å lagre ost og et større rom framme hvor folk bodde og arbeidet. Å bygge stulsbuer med to rom var sjelden i Hjartdal, men var typisk for disse stulene her i grensetraktene mot Sauland - på nabostulene Skimyr og Grønlid var det toroms buer, på Hågavatn hadde Nord-Lonar og Deilda hver si bu av samme typen -

nå er alle råtnet ned. Etter alt å dømme er bua på Sveinungshovden bygd en gang på 1800 tallet og er således ikke blant de aller eldste stulsbuene - de var jo bygd med et



rom. Men det er ei viktig kulturoppgave å ta vare på den siste av disse toromsbuene på denne delen av fjellet, både som bygningstype og det kulturinnslag som den representerer ved beliggenhet ved Prestevegen. Som de fleste er enige om, er turisme og kultur satsingsområder for Hjartdal kommune, både nå og for fremtiden - bygningsmiljø i bygd og på fjell er vesentlige trekk ved dette.

## Logokonkurransen

Det blei ikkje den store oppslutninga om logokonkurransen i fjor. Eit par bra forslag kom inn i tillegg til den eksisterande teikninga av stavkyrkjeportalen. Men ei nøytral gruppe innan laget kom etter ei grundig vurdering fram til at portalen var den beste, særleg dersom det blei gjort litt meir ut av sjølve utforminga.

Vi takkar for vist interesse og innkomne forslag!

# **TRYKT(HISTORISK) FAGLITTERATUR FRÅ HJARTDALSBYGDENE**

HHL har ved eit par anledningar presentert ein liten bokutstilling for å vise at Hjartdal har eit stort utvalg av trykt, utgjeven litteratur, særleg innan lokalkultur/historie. Vi er bedne om å sette opp ei liste over dette i bladet, og den kjem her.

Lista er utarbeidd av Hjartdal historielag 1995/96 av Torkel Hytta og Leif Skoje.

1.line: Tittel, 2.line: Forfattar/utgjevar, 3.line: Der boka truleg kan skaffast i dag

**FRÅ OMGANGSSKULE TIL NIÅRIG I HJARTDAL**  
HARDANG / GVÅLE / SISJORD  
HJARTDAL KOMMUNE - SKULE/KULTURKONTORET

**GAMLE SAGN OM HJARTDØLENE**  
LANDSTAD, M.B.  
HJARTDAL MUSEUMSLAG

**LITA KULTURSOGE FRÅ HJARTDAL**  
WAGN, ANNE HAUGEN  
WAGN, ANNE HAUGEN

**VISUR OG VERS FRÅ HJARTDAL**  
HJARTDAL VISEKLUBB  
?

**FOR AT FINDE EN BLIDERE SKJEBNE" UTVANDRINGA  
FRÅ HJARTDAL TIL AMERIKA**  
SKOJE, LEIF / WAGN, ANNE HAUGEN  
HJARTDAL HISTORIELAG

**WISCONSIN MY HOME**  
XAN, ERNA OLESON  
UNIVERSITY OF WISCONSIN PRESS, MADISON,  
WISCONSIN, USA

**LØVHEIM HOTELL 1877-1977- HUNDRE ÅR I TURISMENS  
TJENESTE**  
MØSTUE, ALF / KOPIHEFTE  
UTSOLGT

**HJARTDALS KALENDEREN 1987- 1997**  
HJARTDAL MÅLLAG  
ENKELTE UTGAVER Å FÅ HOS HJARTDAL HISTORIELAG



**MED LOKK OG LUR STULSHISTORIKK FRA HJARTDAL  
NES, TRYGVE  
BOKHANDEL**

**SVEIN LØNDAL  
RUI, O.J.  
?**

**HJARTDALSSOGA GARD OG ÆTT I TUDDAL  
KARLSRUD, GJERTRUD KLEVELAND  
HJARTDAL KOMMUNE**

**HJARTDALSSOGA GARD OG ÆTT I SAULAND  
KARLSRUD, GJERTRUD KLEVELAND  
HJARTDAL KOMMUNE**

**TELBONDENS ÆRE OG KONGENS MAKT  
BONDEOPPRØRET I HJARTDAL 1540  
AANDRAA, DAG ?  
HJARTDAL KOMMUNE**

**BONDAL I TELEMARK, STULER OG STULSDRIFT  
NES, TRYGVE  
BOKHANDEL**

**BYGNINGSARV I HJARTDAL  
WAGN, ANNE HAUGEN  
HJARTDAL KOMMUNE, BOKHANDEL**

**KUNST OG HANDVERK I TUDDAL  
KNUT BUEN / TUDDAL HUSFLIDLAG  
BUEN KULTURVERKSTAD ?**

**FRAM UNGDOMSLAG 1894-1975  
RUI, O.J.  
?**

**KYRKJE- OG PRESTESOGA FOR HJARTDAL  
HARDANG, ARNE  
BUEN KULTURVERKSTAD, BOKHANDEL**

**HAUGETY OG TROLLSKAP, HJARTDAL I SEGN OG SOGE  
NES, TRYGVE  
BOKHANDEL**

**SOGE OMKRING TUDDAL BYGDETUN  
RUI, O.J.  
TUDDAL BYGDETUN**

**"SOM GOFA SPØLÅ" TRADISJONANE RUNDT  
SPELEMANNEN KNUT DAHLE...  
BUEN, KNUT  
BUEN KULTURVERKSTAD, BOKHANDEL**

**DANS OG SOGER TIL TUDDALSTONAR**  
BUEN, KNUT M.FL.  
TUDDAL SPELEMÄNNSLAG

**HÄTT SIE DU ? MÄLFÖRA I HJARTDAL, SAULAND OG TUDDAL**

-  
HJARTDAL MÄLLAG

**HJARTDAL I BILDER, FRÄ AMBJÖRNDALEN...TIL BONDAL...**  
NES, TRYGVE  
BOKHANDEL / BANKEN

**"SKRIFTEN PÄ VEGGEN" - KRIG OG MOTSTANDSARBEID I HJARTDAL / ÖVRE TELEMARK**  
TRAE, SVEIN VETLE  
HJARTDAL HISTORIELAG

**TUDDAL HÖYFJELLSHOTELL**  
HALLGRIM HÖYDAL  
BOKHANDEL, BANKEN

Finst det meir litteratur - eller noko vi har glöymt, er vi takksame for tips til eventuell ny liste.

Vi kan ogsä nemne at Hjartdal sparebank har si historie under arbeid, og at den skal vere klar til 100-ärsjubileet neste ä.

## **Styret i Hjartdal historielag**

Pä styremöte 2.5.1996 blei det nye styret konstituert slik:

Formann: Torkel Hytta (Valgt av ärsmötet)  
Nestformann: Ivar Dahl  
Sekretär: Leif Skoje  
Styremedlem: Helga Asland  
Styremedlem: Astrid Nirisrud Väle  
Styremedlem: Tora Nordbø

# KORLEIS LAGE KART OVER HUSMANNSPLOSSANE I BYGDA

## Eit mulig samarbeidsprosjekt mellom historielag og Bondekvinnelag?

Alle med litt interesse for lokalhistorie er merksame på at vi har eit førsteklasses grunnlagsmateriale for å lage eit kart over husmannsplassane i bygda. Eg tenker her på Hjartdalssoga. Her er alle plassar omtala, og alle dei som har budd på plas-sen er nemnde så sant det finst eit aldri så lite skriftleg spor etter dei i kjeldene. Om vi så tar for oss registeret bak



Frå plassen Maurebrekke i Bøe-grenda i Sauland.

i boka og spesialordnar dette litt etter vårt behov ved hjelp av ein datamaskin, så har vi snart ei nokså perfekt liste over dei namna vi skal plassere på kartet - gjerne ordna etter kva grend dei tilhører.

Når det gjeld det reint karttekniske, må vi få litt hjelp frå kommunen. Dei vil nok kunne skaffe oss dei grunnkarta vi treng. Det finst kart i målestokk 1:5000 over heile kommunen.(Økonomisk kartverk) Dette er karttypen ein må

teikne inn plassane på. Men etterpå må dette nedfotograferast kraftig for at det skal bli eit hånnderleg format.

Sjølve innteikninga på kart krev ei del kunnskap og erfaring, men det burde gå an å finne folk som

greier dette. Folk som har vore borte i orienteringssport ville vere ideelle til eit slikt arbeid, me - dan e l d r e lokalkjen-


de ressurspersonar trengst for å peike ut plassane i terrenget.

Mykje av arbeidet bør nok gjerast på dugnad, men det vil nok koste ein del å få kartet skikkeleg utforma og trykt - og det bør vere eit mål. Ei viss salgsinntekt kan vi kanskje rekne med, men hovudsakleg må det nok bli eit arbeid av idealisme.

I tillegg til kartarbeidet ville det vere naturleg å merke stadene i terrenget der plassane ikkje lenger

viser seg tydelig. Namneskilt i eit holdbart materiale burde kanskje kostast på og plasserast ut. Dette må sjølvsgjertast i samråd med grunneigarar.

Det siste som er naturleg i samme arbeidet er å skrive ned utfyllande informasjon om plassane. I tillegg til det som står i Hjartdals saga, vil det nok komme fram ein del historiar under arbeidet med kartet. Desse bør noterast ned.



Eit utsnitt av kartet med plassane i Bø. Kartet er laga

## HUGS KONTINGENTEN!

Det er framleis rimeleg å vere medlem i Hjartdal historielag. Anbefal gjerne fleire å melde seg inn. For deg skal det vere lagt inn innbetalingslapp for 1996 i dette bladet



## HJARTDAL HISTORIELAG

Grunnlagt 1989

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL. Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar.*

*Det er lov å bruke og kopiere frå bladet, men oppgje kjelde. Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*

